



Foto: Thomas de Lange/Wenmed

NORDSJØEN/SKAGERRAK

Hyse – *Melanogrammus aeglefinus* – Haddock
Familie: Gadidae (torskfamilien)
Andre navn: Kolje
Maks storleik: 60 cm og 4 kg
Levetid: 15 år
Leveområde: Nordsjøen/Skagerrak
Gyteområde: Sentrale Nordsjøen
Gytetidspunkt: Mars–mai
Føde: Botndyr, sildeegg og fisk

Nøkkeltal:

KVOTERÅD 2014: 45 318 tonn (40 639 til konsum)
 TOTALKVOTE 2014: Forhandlingar har ikkje funne stad
 NORSK KVOTE 2013: 10 359 tonn (Nordsjøen) og 117 tonn (Skagerrak)
 TOTALFANGST/NORSK FANGST 2012: 37 561/1 272 tonn
 NORSK FANGSTVERDI 2012: Ca. 8,6 mill. kroner (Nordsjøen), 2,7 mill. kroner (Skagerrak)

Status og råd

Ifølgje ICES er bestanden i god forfatning og vert hausta berekraftig. Gytebestanden er godt over føre-var-nivået. Fiskedøyringsraten har sidan 2001 vore langt under føre-var-nivået, og har det siste året også vore under målet på $F=0,3$ som er spesifisert i forvaltingsplanen vedteken av Noreg og EU. Rekrutteringa har sporadisk vore sterk og har gjeve dominerande årsklasser i fiskeria. Bortsett frå 2005- og 2009-årsklassene som var middels gode, har rekrutteringa dei siste åra vore låg.


ICES gjev råd i samsvar med forvaltingsplanen som gjev landingar på 40 639 tonn i 2014. Dersom nivået på utkast og bifangst i industrifisket ikkje endrar seg frå dei tre siste åra, impliserer dette ein total fangst på 45 318 tonn.

I forvaltinga vert hyse i Nordsjøen halden åtskilt frå hyse i Skagerrak. 6 % av kvoten kan takast i Skagerrak og 94 % i Nordsjøen. Totalkvotene vert fastsette gjennom årlege forhandlingar mellom EU og Noreg. EU disponerer 77 % og Noreg 23 % av totalkvoten i Nordsjøen. Noreg har vanlegvis disponert litt over 4 % av kvoten som vert avsett til Skagerrak. I 2012 var totalkvoten i Nordsjøen 39 166 tonn og i Skagerrak 2 409 tonn. For 2013 var totalkvoten i Nordsjøen 45 041 tonn, av dette 10 359 tonn til Noreg. Totalkvoten i Skagerrak var 2 770 tonn, av dette 117 tonn til Noreg.

Ifølgje forvaltingsplanen bør totalkvoten for 2014 bli på 38 201 tonn i Nordsjøen og 2 438 tonn i Skagerrak.

Fiskeri

Hyse blir hovudsakleg fanga med botntrål og i mindre grad også med snurrevad. Hyse er målart for delar av flåten, men blir også fanga i blandingsfiskeri saman med mellom anna torsk, kviting og krepser.



Fakta om bestanden:


Hysa finst på begge sider av Atlanterhavet og er stort sett oppdelt i dei same bestandane som torsk, bortsett frå at det ikkje finst nokon hysbestand i Austersjøen.

Nordsjøhysa gyt i perioden mars–mai i dei sentrale delane av Nordsjøen. Oppvekstområde er kystnære område i Moray Firth, kring Orknøyane og Shetland og langs Eggakanten på ca. 200 meters djup frå Shetland til Skagerrak. Hysa produserer med ujamne mellomrom særst sterke årsklasser som kan dominere fangst og bestand gjennom fleire år.

I motsetning til torsk veks hyse i Nordsjøen mykje seinare enn i Barentshavet. Til trass for dette vert nordsjøhysa tidlegare kjønnsmoden, stort sett når ho er to til tre år gamal.

Hysa er hovudsakleg botndyr som børstemark, muslingar og slangestjerner, men tobis og sildeegg står også på menyen.

Dei siste 50 åra har utbreiinga av nordsjøhysa endra seg. Tidlegare fanst det ganske mykje hysesør i Nordsjøen, men no lever det meste nord for ei linje mellom Newcastle og Hanstholm.



Bestand og fangst (inkludert utkast og bifangst i industritrål) av hyse i Nordsjøen/Skagerrak.

Stock size and catch (including discards) of haddock in the North Sea and Skagerrak.